



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

U.off: offl. § 22

Fordeling av skjønnsmidlar til kommunane for 2024

Fordeling av skjønnsmidlane

Vi viser til brev datert 22. juni 2023 og tildelt skjønnsramme for Vestland. For kommunane i Vestland har Statsforvaltaren fordelt ramma slik:

(tal i 1000 kr)

Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		ending
		2024	2023	2024 - 23
4601	Bergen	11 300	13 300	-2 000
4602	Kinn	11 400	11 400	-
4611	Etne	2 100	2 100	-
4612	Sveio	2 800	2 800	-
4613	Bømlo	5 300	5 000	300
4614	Stord	3 600	2 600	1 000
4615	Fitjar	2 700	2 900	-200
4616	Tysnes	1 600	1 800	-200
4617	Kvinnherad	-	-	-
4618	Ullensvang	1 700	3 400	-1 700
4619	Eidfjord	-	-	-
4620	Ulvik	-	-	-
4621	Voss	6 600	6 300	300
4622	Kvam	2 000	4 000	-2 000
4623	Samnanger	1 500	1 600	-100
4624	Bjørnafjorden	5 900	5 500	400
4625	Austevoll	-	500	-500
4626	Øygarden	3 900	3 500	400
4627	Askøy	2 700	1 900	800
4628	Vaksdal	-	500	-500
4629	Modalen	-	-	-
4630	Osterøy	4 200	3 900	300



Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2024	2023	2024 - 23
4631	Alver	6 900	6 600	300
4632	Austrheim	1 900	1 800	100
4633	Fedje	1 100	1 100	-
4634	Masfjorden	-	-	-
4635	Gulen	-	-	-
4636	Solund	1 300	1 300	-
4637	Hyllestad	1 200	1 200	-
4638	Høyanger	-	-	-
4639	Vik	-	-	-
4640	Sogndal	5 400	5 400	-
4641	Aurland	-	-	-
4642	Lærdal	-	-	-
4643	Årdal	-	-	-
4644	Luster	-	-	-
4645	Askvoll	900	900	-
4646	Fjaler	1 400	1 400	-
4647	Sunnfjord	11 600	11 600	-
4648	Bremanger	-	-	-
4649	Stad	3 500	2 700	800
4650	Gloppen	2 500	1 400	1 100
4651	Stryn	2 100	700	1 400
Til fordeling i budsjettåret		30 000	30 000	-
SUM		139 100	139 100	-

Statsforvaltaren har i si vurdering nytta:

- Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sitt brev om fylkesvise skjønnsrammer med retningslinjer, datert 22.06.2023
- kommuneproposisjonen for 2024
- søknader/innspeil frå kommunane
- egne vurderingar og overordna økonomiske analysar av den enkelte kommune.

Nasjonalt er basisramma for skjønnsmidlar til kommunane 800 mill. kroner, av dette er ramma til Vestland på 139,1 mill. kroner. Både den nasjonale og ramma til Vestland er nominelt uendra frå 2023.

Fordeling av ramma mellom ulike typar skjønnsmidlar

Statsforvaltaren har gjort ei overordna fordeling av skjønnsmidlane mellom ordinært skjønn i statsbudsjettet, fornyings- og innovasjonsprosjekt og til fordeling i budsjettåret:

tal i 1000 kr	2024
Ordinære gjennom statsbudsjettet	109 100
Fornyings- og innovasjonsprosjekt	15 000
Midlar til fordeling i budsjettåret	15 000
Sum	139 100



Midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt og fordeling i budsjettåret er førebelse rammer, og det kan i budsjettåret verte endringar mellom desse rammene. Ramma for midlar til fordeling i budsjettåret er på same nivå som i 2023. Informasjon om midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt er lagt ut på nettsida vår, og vi har sendt brev til kommunane, med søknadsfrist 1. november 2023.

I brevet frå departementet til statsforvaltarane er det presisert at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er varetekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Skjønnsramma skal også vareta behov som kan oppstå i løpet av året. Med grunnlag i kunnskapen til Statsforvaltaren om tilhøva i kvar kommune, og i dialog med kommunane, skal det vere reelle vurderingar av behovet for skjønnsstilskot frå år til år. Dialogen mellom Statsforvaltaren og kommunane kan gjennomførast på ulike måtar, men skal vere mest mogleg hensiktsmessig for begge partar med omsyn til omfang og ressursbruk. Dialogen kan skje både munnleg og skriftleg, som gjennom eigne møte, dersom det er mest hensiktsmessig. Det viktigaste er at det for kvart budsjettår skal ligge ei konkret vurdering av behovet til grunn for tildeling av skjønnsmidlar.

Statsforvaltaren skal gjere ei heilskapleg vurdering av økonomien til kommunane og behov for skjønnsmidlar. Skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar eller fordi kommunen tidlegare har motteke skjønnsmidlar.

I tillegg til nemnde overordna retningslinjer frå departementet har Statsforvaltaren vurdert følgjande omsyn saman med den skjønnsmessige vurderinga:

- Sosiale kriterium
 - kommunar som har særlege utfordringar innan helse og sosial
 - det er oppretta ei eiga sentral tilskotsordning for små kommunar som har høge eigendelar knytte til ressurskrevjande tenester, og omtalen av skjønnsmidlar frå fylkesramma er teken ut av retningslinjene til departementet. Vi har likevel for kommunar som fell utanfor ordninga, valt å ta omsyn til høg eigendel til ressurskrevjande tenester i ei samla vurdering
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- Kommunane sitt utgiftsbehov (vurdert opp mot utgiftsutjamninga i inntektssystemet)
 - spreidd busetnad
 - utgifter knytte opp til å vere eit senter i regionen
 - andre særlege utgifter som kan vere utfordrande for kommunen.
- Midlertidige behov
- Samla vurdering
 - heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon
 - utvikling av folketalet over tid (reduksjon i folketalet krev omstillingar/tilpassingar etter reduserte inntektsoverføringar)
 - frie inntekter i 2022 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov (ser på utgifts- og inntektssida samla, som viser om kommunen er betre/dårlegare finansiert enn gjennomsnittet (100) ut i frå utgiftsbehovet)
 - høge inntekter, t.d. frå kraftverksemder og Havbruksfondet.



Vurdering av kvar kommune i tildelinga

Under følger informasjon om ei overordna vurdering for kvar kommune som ligg til grunn for tildeling av ordinære skjønnsmidlar.

4601 Bergen

Dei store byane har særleg store levekårsutfordringar, for ein stor del knytte til rusmisbruk og psykiske lidingar. Kommunen sitt arbeid mot fattigdom bidreg til høge utgifter til sosialsektoren. Dei faktiske utgiftene for kommunen i denne sektoren er vesentleg høgare enn berekna i inntektssystemet. Kommunen ber om at dei høge utgiftene blir tekne omsyn til i fordelinga av skjønstilskot, og grunngjev dette med at dette ikkje i tilstrekkeleg grad blir ivareteke gjennom inntektssystemet. Kommunen arbeider målretta med å utjamne skilnader i oppvekstvilkåra for barn og unge. Talet på familiar med låg inntekt er aukande. Det blir arbeidd med å styrke det kulturelle og sosiale miljøet i område med opphopping av levekårsproblem. Kommunen har også satsing på rustiltak, blant anna med etablering av fleire mottaks- og oppfølgingssentre (MO-sentre), etablering av sprøyterom/brukarrom og rehabiliteringstiltak. Som regionsenter har kommunen tilbod til innbyggjarar i andre kommunar, t.d. innafor brannberedskap og kultur. Frie inntekter i 2022 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 98 prosent av landsgjennomsnittet. Den økonomiske stillinga til kommunen er god med tilfredsstillande høgt disposisjonsfond og moderat nivå på lånegjelda (men det må takast omsyn til at ein stor del av verksemda er organisert utanfor kommunen t.d. framleis mange private barnehagar). Etter samla vurdering blir skjønnsmidlane til Bergen redusert med 2 mill. kroner, til 11,3 mill. kroner i 2024.

4602 Kinn

Som ny kommune treng Kinn tid til å tilpasse tenestenivået etter nye føresetnader og rammevilkår. Samanlikna med landet har Kinn hatt ei svak/negativ folketalsutvikling fram til 2023. Kommunen har ekstra utgifter til klassar med språkdeling (nynorsk-bokmål). Kommunen får utbetalt midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 104 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kinn kommune har svak økonomi, med disposisjonsfond under landsgjennomsnittet og svært høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. I samla vurdering er det lagt vekt på at kommunen får midlar frå Havbruksfondet, organisering av ny kommune med økonomiske utfordringar, spreidd busetnad og skyss av helsepersonell. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 11,4 mill. kroner.

4611 Etne

Kommunen har sidan 2020 hatt ei låg, men positiv utvikling i folketalet. Etne har utfordringar med trafikksikring langs dei smale vegane i kommunen. Dei lange tunnelane i Åkrafjorden fører til ekstra utgifter til brannberedskap. Frie inntekter i 2022 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 110 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå, eit tilfredsstillande disposisjonsfond noko under gjennomsnittet for landet. Det er nødvendig å gjere tilpassingar i drifta for at det skal rom for investering med lånefinansiering. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 2,1 mill. kroner.

4612 Sveio

Kommunen har frå 2020 hatt ein svak nedgang i folketalet. Det har likevel vore stor vekst i talet på barn og unge, og det er derfor gjennomført store investeringar i skulesektoren. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Kommunen har vist til høge utgifter til skyss av skuleborn som følgje av trafikkfarlege vegar. Frie inntekter i 2022 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 94



prosent av landsgjennomsnittet, med utbetalningar frå Havbruksfondet. Det ordinære skattenivået er lågt med, og eigedomsskatten vart halvert i 2022 og teke heilt bort i 2023. Kommunen har hatt stor vekst i lånegjelda, men ligg likevel under gjennomsnittet for landet. Etter driftsinntektene har Sveio eit høgt disposisjonsfond. Etter samla vurdering og overordna økonomi, blir skjønnsmidlane haldne uendra frå 2023, med 2,8 mill. kroner.

4613 Bømlo

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med noko vekst. Bømlo har høge utgifter knytte til ressurskrevjande tenester målt etter eigendel per innbyggjar. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 98 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen hadde svake rekneskapsresultat både i 2021 og 2022, sjølv med stor utbetaling frå Havbruksfondet i fjoråret. Underskotet skuldast bl.a. auka ressursbehov innan legeteneste og barnevern m.m. Kommunen sitt disposisjonsfond er redusert vesentleg, til under det tilrådde i prosent av driftsinntektene. Lånegjelda samanlikna med driftsinntektene er lågare enn gjennomsnittet for landet. Overordna økonomi til Bømlo har hatt ei svak utvikling dei seinare år, og skjønnsmidlane blir auka med kr 300 000, til 5,3 mill. kroner.

4614 Stord

Kommunen har sidan 2020 hatt vekst i folketalet. Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland. Som regionsenter kjem det mange personar til kommunen med utfordringar knytte til rus og psykisk helse. Kommunen har vesentleg større kostnader knytte til rusproblem og psykisk helse enn andre samanliknbare kommunar. Kommunen har svært mange leigearbeidarar/gjestarbeidarar. Dette er viktig for næringslivet, men gjestearbeidarane gir ikkje grunnlag for statleg rammetilskot til kommunen. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 94 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har svak økonomi, først og fremst må lånegjelda dempast for ikkje kome i ein alvorleg økonomisk situasjon. Disposisjonsfondet har auka dei siste åra, men er framleis under landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette skjønnsmidlar for 2024 på 3,6 mill. kroner, ein auke på 1 mill. kroner frå 2023.

4615 Fitjar

Kommunen har sidan 2020 hatt ein mindre reduksjon i folketalet. Kommunen har fått auka eigedomsskatteinntekter som følge av utbygging med vindmøller og utbetalningar frå Havbruksfondet. Utrekning syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 107 prosent av landsgjennomsnittet. Frie driftsfond ligg på landsgjennomsnittet og lånegjelda mykje under. Skjønnsmidlar for 2024 blir sett til 2,7 mill. kroner, ein reduksjon med kr 200 000 frå 2023.

4616 Tysnes

Kommunen har hatt ei positiv folketalutvikling i dei siste åra. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 117 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge nivået på frie inntekter i 2022 skuldast høg utbetaling frå Havbruksfondet og god skattevekst. Kommunen har relativt stort disposisjonsfond og låg lånegjeld målt mot driftsinntektene. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 200 000, til 1,6 mill. kroner.

4617 Kvinnherad

Kvinnherad har hatt negativ folketalutvikling i dei seinare år. Kommunen har mange brukarar under ressurskrevjande tenester, og såleis høg eigenfinansiering etter folketalet. Det er spreidd busetnad i kommunen, som fører til høge utgifter til kommunale tenester. Kommunen har høge inntekter frå vasskraftanlegg og utbetalningar frå Havbruksfondet. Dette gjev seg utslag i frie inntekter (alt inkl. +



havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov, som i 2022 var på 139 mot landsgjennomsnittet på 100. Med bakgrunn av høge inntekter får ikkje kommunen skjønnskot.

4618 Ullensvang

Frå ny kommune i 2020, har det vore ein auke i folketalet, men lågare enn landsutviklinga. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 165 prosent av landsgjennomsnittet. Dei høge inntektene skuldast eigedomsskatt (kraftanlegg), naturressursskatt og andre kraftinntekter. Inntektene i 2022 var ekstraordinært høge som følgje av høge straumprisar, og gav difor eit svært godt resultat. Kommunen har og inntekter frå Havbruksfondet. Samla gav dette grunnlag for å byggje opp disposisjonsfondet, til over gjennomsnittet for landet rekna mot driftsinntekter. Organiseringa av den nye kommunen har vore krevjande. Dei tidlegare tre kommunane var i stor grad ulike, og nye Ullensvang har spreidd busetnad med høge utgifter til tenester. Med bakgrunn av det høge inntektsnivået med kraftinntekter, blir skjønnskotet nedtrappa til 1,7 mill. kroner, som er ein reduksjon frå 2023 med same beløp.

4619 Eidfjord

Eidfjord har for dei siste fem åra hatt auke i folketalet, særleg det siste året. Kommunen har høge kraftinntekter, som forklarar at frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 246 av landsgjennomsnittet (100). Kommunen får ikkje tildelt skjønnsmidlar på grunn av høge inntekter.

4620 Ulvik

Ulvik har over tid hatt nedgang i folketalet frå 2020 til 2023. Ulvik har eit bra inntektsgrunnlag med ekstra inntekter frå vasskraft. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 114 prosent, mot landssnittet på 100. Tross dette fekk dei eit negativt resultat for 2022. Kommunen har tilfredsstillande disposisjonsfond og etter driftsinntektene ei moderat lånegjeld samanlikna med landsgjennomsnittet. Kommunen har også for 2024 meldt om ekstraordinære høge utgifter til barnevern, kjøp av institusjonsplassar og spesialpedagogikk til barn med særskilte behov. Med grunnlag i eit godt inntektsgrunnlag får ikkje kommunen skjønnsmidlar.

4621 Voss

Voss har over tid hatt positiv folketalsutvikling. Kommunen arbeider langsiktig for å redusere ubalansen i tenesteområda. Utgifter til BPA (brukarstyrt personleg assistent) har auka mykje dei siste åra, frå 3,8 mill. i 2018 til 38,2 mill. kroner i 2022. Det er ein høg eigenandel for kommunen på desse tenestene. Kommunen har og vekst i behovet for helse- og omsorgstenester, spesielt innafor psykiatri/helsevern. Dei opplever ein auke i utgifter i grunnskulen med auka utgifter til elevar med spesielle behov. I tillegg har dei fått meir komplekse barnevernssaker dei siste åra, noko som gjer at behovet for nødvendig kompetanse blant dei tilsette er aukande. Voss kommune har mykje kommunal veg per innbyggjar, og med endringar i klimaet fører det til auka vedlikehaldsutgifter. Kommunen er eit regionsenter og skulesenter. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 106 prosent av landsgjennomsnittet. Samanlikna med landsgjennomsnittet er disposisjonsfondet lågt. Kommunen har låg gjeld etter driftsinntektene. Etter ei samla vurdering blir skjønnsmidlane for 2024 auka med kr 300 000, til 6,6 mill. kroner.

4622 Kvam

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei siste åra, men likevel noko under landsgjennomsnittet. Kommunen har høg og aukande eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt etter innbyggjartalet. Kvam har geografiske utfordringar med risikoområde for flaum og ras. I Kvam er det vesentleg fleire eldre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet, særleg i aldersgruppa frå 80 år og eldre. Det er krevjande å tilpasse drifta til dette. Godt resultat for 2022 gav



grunnlag for å opparbeide disposisjonsfondet, som no ligg godt over landsgjennomsnittet. Det gode resultat i fjor skuldast primært høge kraftinntekter som følgje av høge straumprisar, men og inntekter frå Havbruksfondet. Kommunen har eit høgt gjeldsnivå etter å ha investert mykje over mange år. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 139 prosent av landsgjennomsnittet. Med bakgrunn av det høge inntektsnivået med kraftinntekter og midlar frå Havbruksfondet, blir skjønstilskotet trappa ned til 2 mill. kroner, som er ein reduksjon frå 2023 med same beløp.

4623 Samnanger

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei siste åra, men likevel noko under landsgjennomsnittet. Kommunen har høg eigendel for ressurskrevjande tenester målt etter innbyggjartalet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 121, mot landsgjennomsnittet 100. Samla sett har kommunen ein middels økonomi, med disposisjonsfond på landsgjennomsnittet og ei lånegjeld etter driftsinntektene under landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 100 000, til 1,5 mill. kroner.

4624 Bjørnafjorden

Samanlikna med landet har Bjørnafjorden hatt god folketalsutvikling fram til 2023. Som ny kommune treng Bjørnafjorden tid til å tilpasse tenestenivået etter nye føresetnader og rammevilkår, og kommunen er i gang med større omstillingar for innsparingar. Kommunen var med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenester (SIO), men dette vart avslutta eitt år før opphavleg avtalt prosjektperiode. Dette har gjeve kommunen ei stor økonomisk utfordring. Kommunen har høg eigendel for ressurskrevjande tenester målt etter innbyggjartalet. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov i 2022 var 93, mot landsgjennomsnittet på 100. Bjørnafjorden har høgt disposisjonsfond, men lånegjelda er høg samanlikna med driftsinntektene og gjennomsnittet for landet. Samla vurdert får kommunen auka skjønnsmidlar med kr 400 000 i 2024, sum 5,9 mill. kroner.

4625 Austevoll

Austevoll har hatt eit stabilt vekst i folketalet dei siste åra. Avstandar og kommunikasjonar tilseier at dei har ekstraordinære utgifter til beredskap og ambulansetransport til sjukehus. Strukturendringar i skulen har ført til ekstra skuleskyss for fleire elevar i båt. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 112, samanlikna med landsgjennomsnittet på 100. Kommunen har høge skatteinntekter både frå inntekt og formue, og utbetaling frå Havbruksfondet. Samla bidreg dette til ein god overordna økonomi, med eit godt disposisjonsfond. Lånegjelda har gått noko ned siste året og ligg noko under gjennomsnittet for landet. Etter ei samla vurdering av økonomien får ikkje Austevoll skjønnsmidlar for 2024, som er ein reduksjon på kr 500 000 frå 2023.

4626 Øygarden

Kommunen har hatt høg folkevekst over mange år. Kommunen har ei ung befolkningsamansetjing, men det er og venta ein stor auke i talet på eldre i åra framover. Olje- og gassindustri er lokalisert i kommunen og bidreg til høg eigedomsskatt. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 98 prosent av landsgjennomsnittet. Utdanningsnivået i kommunen er lågare enn for landsgjennomsnittet, også blant unge, og det er ei utfordring med fråfall i vidaregåande skule. Det er mange uføre og sosialhjelpsmottakarar. Kommunen har ekstra kostnader til språkdeling som følgje av at mange foreldre ønskjer bokmål for borna i skulen. Etter underskot både i 2020 og 2021, var 2022 det første året med positivt resultat for den nye kommunen, og det gav grunnlag for å byggje opp disposisjonsfondet. Men fondet er framleis mindre enn det bør vere. Positivt resultat i fjor har



samanheng med høg skattevekst og vesentleg større utbetaling frå Havbruksfondet enn budsjettet. Etter ei samla vurdering blir skjønnsmidlane for 2024 auka med kr 400 000, til 3,9 mill. kroner.

4627 Askøy

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og det er framleis ei ung befolkningsamansetjing. I dei siste åra har det vore nedgang i talet på dei aller yngste innbyggjarane. I den same perioden har det vore stor vekst i talet på eldre innbyggjarar i kommunen. Det må påreknast å bli ei utvikling mot ei vesentleg eldre befolkningsamansetjing i dei komande åra. Dette er krevjande med omsyn til tenester og investeringar. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 90 prosent av landsgjennomsnittet. Det ordinære skattegrunnlaget er svakt. Kommunen hadde eit positivt resultat i 2022, i hovudsak som følge av den høge skatteveksten i fjor. Statsforvaltaren gav i 2021 nye reviderte pålegg om utbygging innan vatn og avlaup. Dette inneber investeringar i eit betydeleg omfang. Det vil vere vanskeleg å dekke kapitalkostnadene av investeringane fullt ut gjennom gebyra frå abonnentane. Samla vurdering gjev ein auke på kr 800 000 i tildeling av skjønnsmidlar, til 2,7 mill. kroner.

4628 Vaksdal

Vaksdal har dei siste åra hatt synkende folketal. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og ligg difor over gjennomsnittet for landet på frie inntekter korrigerert for variasjon i utgiftsbehov, 117 prosent mot landsgjennomsnittet på 100. Kommunen har høge utgifter knytt til geografi og topografi (spreidd busetnad), og mange av vegane er utsette for ras og naturhendingar. Dette fører til eit høgare beredskapsnivå enn det som skulle vere normalt etter storleik på kommunen. Etter driftsinntektene har kommunen eit høgt disposisjonsfond, men og ei lånegjeld som ligg mykje over landsgjennomsnittet. Samla vurdert får ikkje kommunen skjønnsmidlar for 2024 vurdert ut frå eit høgt inntektsnivå, som er ein reduksjon på kr 500 000 frå 2023.

4629 Modalen

Kommunen har høge inntekter frå naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg, som utgjer om lag 40 prosent av samla driftsinntekter. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov utgjer 235 prosent mot landsgjennomsnittet (100) for 2022. Det har vore ein større reduksjon i folketalet frå 2020 til 2023. Det høge inntektsnivået gjer at kommunen ikkje får tildelt skjønnsmidlar.

4630 Osterøy

Kommunen har hatt eit stabilt/svakt aukande folketal. Målt etter kommunestorleik (folketalet) har kommunen hatt høg eigenfinansiering til ressurskrevjande tenester. Ein desentralisert struktur påfører kommunen ekstra utgifter til tenester, som t.d. heimetenester og skuleskyss. Mange private skular gjer at rammetilskotet vert redusert kvart år, og utgjer om lag 18 mill. kroner i trekk i utgiftsutjamninga for 2024. Osterøy har utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er 97 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har framleis ein svak overordna økonomi etter utmelding av Robek i 2021, og utgiftene på fleire område har auka, spesielt innanfor helse og omsorg. Etter ei overordna vurdering vert skjønnsmidlane for 2024 føreslege til 4,2 mill. kroner, ein auke med kr 300 000 frå 2023.

4631 Alver

Kommunen har hatt vekst i folketalet frå 2020. Alver har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester, målt per innbyggjar. Kommunen har framleis høge eigedomsskatteinntekter frå Mongstad-anlegget, sjølv om dei gradvis er trappa ned frå 2019 på grunn av regelendring for eigedomsskatt. Kommunen har inntekter frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 102 prosent av landsgjennomsnittet. Alver har eit godt



disposisjonsfond, som ligg noko under landsgjennomsnittet. Kommunen har høg lånegjeld. Etter overordna økonomi og høge utgifter til ressurskrevjande tenester blir skjønnsmidlane auka med kr 300 000, til 6,9 mill. kroner.

4632 Austrheim

Kommunen har hatt eit stabilt folketal over tid, men med noko nedgang i 2022. Kommunen har ei stor utfordring med å byggje opp disposisjonsfondet ytterlegare og få større driftsreserve. Disposisjonsfondet er framleis vesentleg mindre enn det bør vere. Lånegjelda er moderat. Austrheim har utbetalingar frå Havbruksfondet, men lågare enn samanliknande kommunar med utbetalingar. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 107 prosent av landsgjennomsnittet. Etter samla vurdering av overordna økonomi vert skjønnsmidlane auka med kr 100 000 frå 2023, til 1,9 mill. kroner.

4633 Fedje

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet. Fedje har utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft for å dekke inn kravet til tenester innan fleire fagområde. Kommunen får midlar frå Havbruksfondet, men heller eit lågt beløp samanlikna med andre kystkommunar. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 124 prosent. Samanlikna med driftsinntektene har kommunen no eit tilfredsstillande disposisjonsfond og låg lånegjeld. Samla vurdert blir skjønnsmidlane uendra frå 2023.

4634 Masfjorden

Folketalsutviklinga har vore jamt negativ dei siste fem åra. Kommunen hadde i 2022 høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og fekk i statsbudsjettet for 2023 tilleggskompensasjon for dette. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 154 prosent, mot landsgjennomsnittet på 100. Kommunen har såleis eit godt inntektsgrunnlag som følgje av skatt og avgifter frå kraftverksemd og havbruk, med låg lånegjeld og høgt disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene. Med bakgrunn i høge inntekter får ikkje kommunen skjønnsstilskot.

4635 Gulen

Gulen har samanlikna med landet hatt ei svak folketalsutvikling dei seinare år. Kommunen har spreidd busetnad, og lange avstandar fører til auka utgifter for tenester til innbyggjarane. Etter innbyggjartal har kommunen høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester, og fekk i statsbudsjettet for 2023 tilleggskompensasjon for dette. Kommunen har høge utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 144 prosent, mot landsgjennomsnittet på 100. Dette gjer til at kommunen har hatt gode økonomiske resultat dei seinare åra, som har gjeve høge disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene. Etter driftsinntektene har kommunen låg langsiktig gjeld. Etter ei samla vurdering ut frå inntekter og overordna økonomi, får ikkje Gulen skjønnsmidlar.

4636 Solund

Det har vore nedgang i folketalet i dei siste åra, også i 2022. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 157 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge inntektsnivået i 2022 skuldast høg utbetaling frå Havbruksfondet. Dei samla inntektene til kommunen vil variere relativt mykje frå år til år som følgje av at utbetalingane frå Havbruksfondet er variable og vesentlege for kommunen. Inntektene har lagt grunnlaget for å bygge opp disposisjonsfondet. Lånegjelda er på eit høgt nivå og kjem til å auke ytterlegare som følgje av ny skuleinvestering. Denne investeringa er viktig for kommunen si utvikling. Skjønnsmidlar er uendra frå 2023, 1,3 mill. kroner.



4637 Hyllestad

Kommunen har hatt større reduksjon i folketalsutvikling over tid, med ei utfordrende demografisk utvikling med lågt barnetal og fleire eldre. Økonomien til kommunen har blitt betre etter midlar frå Havbruksfondet, men kommunen har utfordringar med driftsbalansen, m.a. med høge utgifter til rekruttering innan helse. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 125, mot landsgjennomsnittet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande disposisjonsfond og ei lånegjeld noko under landsgjennomsnittet i 2022. Etter samla vurdering er skjønnsmidlane 1,2 mill. kroner, uendra frå 2023.

4638 Høyanger

Kommunen har hatt nedgang i folketalet over fleire år. Høyanger har normalt høge kraftinntekter, men i 2022 vart det eit større tap på avtalar for sal av konsesjonskraft mot ein budsjettert gevinst. Dette påverkar at frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov vart redusert til 98 prosent, mot landsgjennomsnittet på 100. Etter eit meirforbruk i 2022 på 32 mill. kroner, har ikkje kommunen disposisjonsfond. Høyanger er etter dette Robek-registrert. Lånegjelda ligg over landsgjennomsnittet. Sjølv om kommunen no har svak økonomi og i Robek, skal høge inntekter over tid vere eit grunnlag for at Høyanger skal ha ein god økonomi. Med dette som grunnlag får ikkje kommunen tildelt skjønnsmidlar.

4639 Vik

Kommunen har hatt nedgang i folketalet i fleire år. I 2022 var folketalet likevel stabilt. Kommunen har vesentleg fleire innbyggjarar i dei eldre aldersgruppene enn landsgjennomsnittet. Etter innbyggjartal har kommunen høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester, og fekk i statsbudsjettet for 2023 tilleggskompensasjon for dette. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 150 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge inntektsnivået skuldast eigedomsskatt på kraftverk og andre kraftinntekter. Disposisjonsfondet er godt over landsgjennomsnittet, men Vik har høg lånegjeld. Etter inntektsnivået og samla vurdering av overordna økonomi får ikkje Vik skjønnsmidlar.

4640 Sogndal

Samanlikna med landet har Sogndal hatt god folketalsutvikling fram til 2023. Som ny kommune treng Sogndal tid til å tilpasse tenestnivået etter nye føresetnader og rammevilkår, og kommunen er i gang med omstillingar for innsparingar. Etter kommunestorleik har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og derav høg eigenfinansiering. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Sogndal 107 prosent, samanlikna med landsgjennomsnittet på 100. Disposisjonsfond målt etter driftsinntektene er tilfredsstillande, men under landsgjennomsnittet. Lånegjelda er moderat. Med bakgrunn i ei samla vurdering gjort ut frå etablering av ny kommune og utgifter til ressurskrevjande tenester, er skjønnsmidlane uendra frå 2023, 5,4 mill. kroner.

4641 Aurland

Kommunen har hatt ei folketalsutvikling frå 2020 som er svakt negativ. Aurland har etter innbyggjartalet høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Høge kraftinntekter gjer at frie inntekter i 2022 korrigert for variasjonar i utgiftsbehovet ligg på 228 prosent, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og låg lånegjeld. Med bakgrunn i høge inntekter og overordna økonomi, får ikkje kommunen skjønnsstilskot.



4642 Lærdal

Kommunen opprettheld folketalet frå 2020 til inn i 2023. Etter innbyggjartal har kommunen høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester, og fekk i statsbudsjettet for 2023 tilleggs-kompensasjon for dette. Lærdal har inntekter frå kraftverksemd, som bidreg til at frie inntekter i 2022 korrigerert for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 109 prosent, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Etter dette har kommunen ein overordna økonomi med frie driftsfond over gjennomsnittet og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Kommunen får ikkje tildeling av skjønnsmidlar ut frå inntektsgrunnlaget.

4643 Årdal

Kommunen har hatt ei folketalsutvikling frå 2020 som er svakt negativ. Etter innbyggjartalet har Årdal høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og derav frie inntekter i 2022 korrigerert for variasjonar i utgiftsbehovet som ligg på 114 prosent, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen middels frie driftsfond og ei moderat lånegjeld. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.

4644 Luster

Kommunen har vekst i folketalet. Luster har høge kraftinntekter, og derav frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 136 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå eit høgt inntektsgrunnlag.

4645 Askvoll

Kommunen har over tid hatt jamn nedgang i folketalet. Etter kommunestorleik har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Kommunen er ein «øykommune» som fører til høge driftskostnader, t.d. innanfor helse og omsorg. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov utgjer 109 prosent av landsgjennomsnittet. Særleg etter utbetalingar frå Havbruksfondet dei siste åra, har kommunen greidd å opparbeida tilfredsstillande frie driftsfond. Lånegjelda er lågare enn landsgjennomsnittet, og dei legg opp til å redusere denne ytterlegare. Etter vurdering blir den overordna økonomien vurdert som middels god, og vi opprettheld skjønnsmidlane med 0,9 mill. kroner i 2024.

4646 Fjaler

Kommunen har hatt ein vekst i folketalet dei siste åra. Etter innbyggjartalet har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og fekk i statsbudsjettet for 2023 ein mindre tilleggs-kompensasjon for dette. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov utgjer 109 prosent. Fjaler har no opparbeida seg eit tilfredsstillande disposisjonsfond. Lånegjelda samanlikna med driftsinntektene ligg godt over landssnittet. Etter ei samla vurdering vert skjønnsmidlane uendra frå 2023, og tildelt med 1,4 mill. kroner.

4647 Sunnfjord

Kommunen har vekst i folketalet, men under landsgjennomsnittet. Etter kommunestorleik har kommunen utgifter til ressurskrevjande tenester over gjennomsnittet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er for Sunnfjord 102 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har middels/svak overordna økonomi med disposisjonsfond målt etter driftsinntektene på om lag halvparten av landsgjennomsnittet, og ei lånegjeld som ligg over gjennomsnittet. Kommunen må gjere større innsparingar i drifta for å skaffe økonomisk balanse.



Etter ei samla vurdering av overordna økonomi og utgifter til ressurskrevjande tenester, er skjønnsmidlane uendra frå 2023, tildelt med 11,6 mill. kroner.

4648 Bremanger

Kommunen har over tid hatt ein større nedgang i folketalet. Bremanger vart utmeld av Robek i 2022. Kommunen har utfordringar med ubalanse i drifta, som å tilpasse skulestruktur etter behov og inntekter og ei usikker utvikling av verdiar på derivatavtalar fram til 2036 etter Terra-sakene. Kommunen har kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt. inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehovet var i 2022 på 131 prosent, mot landssnittet 100. Etter dette er kommunen i ferd med å byggje seg opp eit godt disposisjonsfond. Lånegjelda er moderat. Som for tidlegare år får ikkje kommunen skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.

4649 Stad

Kommunen har vekst i folketalet, men noko under landsgjennomsnittet. Stad er ein svært langstrakt og spreidd-bygd kommune. Dette utfordrar struktur og utgiftsnivå, som gjer det utfordrande å effektivisere tenestene innanfor gjevne økonomiske rammer. Utgiftsbehovet er høgare i Stad enn snittet er for landet. Kommunen er vertskommune for spesielle helsetenester og fleire institusjonar innanfor spesialisthelsetenesta, som Helse Førde har lokalisert på Nordfjordeid. Dette fører til ekstra oppgåver og auka behov for tenester. Stad har høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester målt etter innbyggjartalet. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 98 prosent, mot landssnitt 100. Målt etter driftsinntektene har Stad eit disposisjonsfond godt over landssnittet. Lånegjelda er høg og ligg også godt over landssnittet. Overordna blir økonomien til Stad vurdert til å vere middels. Etter ei samla vurdering blir skjønnsmidlane auka med kr 800 000 frå 2023, til 3,5 mill. kroner.

4650 Gloppen

Gloppen har frå 2020 hatt vekst i folketalet, men under gjennomsnittet for landet. Kommunen vart meldt ut av Robek i juni 2022. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 99 prosent, mot landsgjennomsnitt 100. Målt mot driftsinntektene og samanlikna med eit gjennomsnitt for landet er disposisjonsfondet lågt. Lånegjelda er redusert, men ligg framleis over gjennomsnittet for landet. Etter ei samla overordna økonomisk vurdering blir skjønnsmidlane til Gloppen auka med 1,1 mill. kroner samanlikna med 2023, til 2,5 mill. kroner i 2024.

4651 Stryn

Kommunen har frå 2020 hatt vekst i folketalet, men noko under gjennomsnittet for landet. Frie inntekter i 2022 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 93 prosent, som er mellom dei lågaste kommunane målt mot landssnittet på 100. Målt etter driftsinntektene har kommunen eit disposisjonsfond på norma for det som er tilfredsstillande, men likevel om lag halvparten av gjennomsnittet for landet u/Oslo. Lånegjelda er lågare enn landssnittet. Etter ei samla overordna økonomisk vurdering blir skjønnsmidlane til Stryn auka med 1,4 mill. kroner frå 2023, til 2,1 mill. kroner i 2024.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent